



Det tok for lang tid å rydda opp etter Festidalen 2007, innrømmer Sveinung M. Pile. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Klok av skade rettar vi oss til folket for å be om litt hjelp til å rydde opp etter oss, seier Festivalen-sjef Sveinung M. Pile.

- Vi har vore litt for dårlige til å planlegge oppryddingsarbeidet tidligare. innrømmer han og held fram:

- I 2007 gjekk det vel bortimot 3 veker før jordet var rydda. Dette slit på humør og trivsel og vi har lova oss sjølve at her må vi bli flinkare! No kan ein seie at dette er ris til eiga ræv, og det er vel på mange måtar rett.

Men likevel inviterer vi alle som vil til litt ekte dugnadsarbeid 2-4. august. Vi kan freiste med grillmat og vafler på dugnaden og gratisbillett til ein av dagane under Festidalen!

Meld frå til

[javascript:top.opencompose\('sveinung@festidalen.no'\)](mailto:sveinung@festidalen.no) eller ring 40444756.

Det er og ledige plassar som frivillig i forkant og under Festidalen. Same kontaktinfo som over virker her og.

I festivalstyret er det mange utanombygds folk som sit, og dei har ofte uttalt at dugnadsanda i Uskedalen er fantastisk. Ikkje slik at andre bygder er dårligare, men ofte føles det beint fram rørende når så mange stiller opp!

Ei slik innstilling er uvurderlig for oss som set i gang med galskapen, sluttar Pile.